

Fra: Glosli, Stine[Stine.Glosli@nav.no]

Dato: 12. jul 2018 12.26.58

Til: Fylkesmannen i Hordaland, *Postmottak

Tittel: 18/896-40 Avklaring av lovforståing - kvalifiseringsstønad og fosterheimsgodtgjersle

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Dykkar ref.:
2018/562 721.0

Vår ref.: 18/896
Sakshandsamar: Stine Glosli //
seniorrådgjevar

Vår dato: 12.07.2018

Avklaring av lovforståing - kvalifiseringsstønad og fosterheimsgodtgjersle

Vi viser til brev av 30.5.2018 der de ber oss avklare om kvalifiseringsstønad skal avkortast mot fosterheimsgodtgjersle eller ikkje.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vil gjere greie for vår lovtolking knyta til sosialtenestelova §§ 37 og 38.

Arbeids- og velferdsdirektoratet legg til grunn at sosialtenestelova § 37 er meint å regulere tilfelle kor ein deltakar i kvalifiseringsprogrammet prøver seg i lønt arbeid og dette inngår i programmet. Kvalifiseringsprogrammet skal vere på full tid, men deltakar kan kombinere inntil 50% stilling med framleis deltaking i programmet. Føresegna er utforma med tanke på at det skal virke økonomisk motiverande å prøve seg i lønt arbeid, og dette er særleg aktuelt i den avsluttande delen av programmet.

Fosterheimsgodtgjersle er ei godtgjersle til fosterforeldre fordi dei utfører eit oppdrag på vegne av barnevernstenesta. Ifølge kapittel 9 i rundskriv frå Barne- og familiedepartementet (Q-2004-1072 B) består fosterheimsgodtgjersla av ei arbeidsgodtgjering det skal betalast skatt av og ei skattefri utgiftsdekning.

Arbeids- og velferdsdirektoratet kan ikkje sjå at «*inntekstgivende arbeid*» i § 37 er meint å omfatte arbeidsgodtgjersle til fosterforeldre sjølv om arbeidsgodtgjersla skattleggjast som løn. Føresegna er som nevnt utforma med tanke på at det skal virke økonomisk motiverande å prøve seg i arbeidslivet og dette inngår i programmet. Arbeid fosterforeldra gjer er i hovudsak knyta til å gje omsorg for fosterbarnet, i tillegg til at dei er i full jobb, og kan difor etter vår vurdering og gjerast i tillegg til at deltakar er i kvalifiseringsprogram på full tid.

Arbeids- og velferdsdirektoratet kan ikkje sjå at fosterheimsgodtgjering skal jamstillast med omsorgsløn (no omsorgsstønad) i denne samanheng. Omsorgsstønad etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6 nr. 3 kan gis til personar som har eit «*særleg tyngende omsorgsarbeid*», og det skal fastsetjast kor mange timar det skal betalast for. Dette er ikkje tilsvarende for arbeidsgodtgjersla til fosterforeldre, og viss eit barn har særlege omsorgsbehov så vil det etter vår forståing eventuelt vere snakk om frikjøp av fosterforeldra.

Sosialtenestelova § 38 regulerer samordning mellom kvalifiseringsstønad og andre offentlege ytingar. Arbeids- og velferdsdirektoratet legg til grunn at føresegna er uttømmende når det gjeld kva offentlege ytingar som kan føre til at kvalifiseringsstønaden skal avkortast. Fosterheimsgodtgjersle er ikkje nemnd i føresegna, og kvalifiseringsstønaden kan difor ikkje avkortast etter denne føresegna.

Arbeids- og velferdsdirektoratet vil til slutt nemne at dagpengar og arbeidsavklaringspengar ikkje skal avkortast mot fosterheimsgodtgjering, jf. dagpengeforskriften § 4-5 og forskrift om arbeidsavklaringspengar § 9.

Med helsing

Solveig Tesdal
Kvalifiseringskontoret

Stine Glosli
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Kopi: Alle landets fylkesmenn

ArkivReferanse:#2be7c7c1361345809b5ee1bf45b36fe02018000896#ACOS.WEBSAK#